Stemorsblomar langs vegen

23.05.2011

Hvis du har venta utålmodig på at det skulle bli blomar i urnene langs vegen gjennom Uskedalen også i år, kan du slappa av no. Blomane er på plass og det er stemor blomekomiteen i Uskedalen Utvikling har vald dette året.

Det er Gunn Mari Moberg som har vore 'prosjektleeiar' denne gongen og som skal ha æra for at blomane er i urnene nok ein gong.

Ho har forresten ein viktig tilleggsopplysning: I kvar ende av Uskedalen - nærare bestemt like ved Eidsvik og på Rød - sto det i mange år ei fargerik velkomsthelsing som Tor Myklebust hadde laga.

Den vart til slutt så slitt av ver og vind og steinsprut at den måtte fjernast. No kjem det nye skilt, AFA skal gjera jobben og prosjektet er førebels på utkast-stadiet. Vi ventar spent på resultatet!

(Foto: Ola Matti Mathisen)